

Styresak

Går til: Styremedlemmar
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 07.03.2005
Sakhandsamar: Ingvill Skogseth
Saka gjeld: **Årsrapport 2004 frå pasientomboda i Helse Vest**

Styresak 24/05

Styremøte 15.03. 2005

Bakgrunn

Pasientomboda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har lagt fram årsrapport for 2004. Årsrapportane er vedlagt.

Kommentarar

Pasientomboda gjer eit viktig arbeid for å ivareta pasientane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta. Pasientomboda har også ei viktig rolle i høve til kvalitetssikringssarbeid ved å få kjennskap til strukturelle forhold og negative hendingar som går igjen.

Pasientomboda blir ofte kontakta med bakgrunn i at det som har skjedd har fått slike følgjer at pasienten/pårørande spør om erstatning. Pasientomboda hjelper i slike saker med å sende skademelding til Norsk pasientskadeerstatning (NPE) som er ordninga kor slike saker blir vurdert.

Frå og med 2003 er det etablert nasjonal statistikk for pasientomboda. Denne viser at talet på registrerte førespurnader i Helse Vest i høve til innbyggjartalet ligg på landsgjennomsnittet. Samla har omboda i Helse Vest registrert 1857 førespurnader i 2004. Dette kan sjå ut som ein nedgang i høve til 2003 kor talet var 2022, men tala er ikkje samanliknbare grunna datatekniske endringar.

Mange tar kontakt i høve til kommunehelsetenesta sjølv om den ikkje er omfatta av ombodsordninga. Pasientomboda i Helse Vest meiner at pasientombodsordninga bør utvidast til å også å gjelde kommunehelsetenestene noko som også blir foreslått i NOU 2005:3 *Fra stykkevis til helt*.

I årsmeldingane er det fokusert på problemstillingar knytt til Pasientrettighetslova (PRL) og til pasienttryggleik. Pasientomboda peikar på konkrete tiltak i høve til:

Rusbehandling

Det er behov for fleire institusjonsplassar for denne pasientgruppa. Særleg er det behov for fleire avrusingsplassar.

Nødvendig helsehjelp

Pasientomboda har registrert fleire tilfelle der pasientar har fått rett til nødvendig helsehjelp, medan institusjonen har avvist å setje frist for når behandlinga skal gis. Institusjonane grunngjev dette med at det ikkje er kapasitet til å gje behandling innan forsvarleg frist. Dette er ikkje rett i høve til lova om pasientrettar og Helse Vest har teke tak i dette når ein er gjort merksam på det.

Tvangsinnlegging i psykiatrien

Pasientomboda i Hordaland og Rogaland ser at delen tvangsinnlagte pasientar i psykiatrien fortsett er høg.

Individuell plan

Erfaringane frå patientomboda viser at det framleis er manglar i høve til å sikre denne retten for alle som har krav på det.

Korridorpasientar

Pasientomboda har erfaring for at korridorpasientar blir utsett for tjuveri av eigedelar i tillegg til andre ulemper som det er ved å liggje på korridor

Journal/Teieplikt

Pasientomboda oppmodar Helse Vest om å sørge for at det vert innført system og rutinar som hindrar at "uvedkomande" får innsyn i sensitive opplysningar.

Pasienthotell

Fleire pasientar rapporterer at hotellpersonalet gjev uttrykk for at pasienten er for dårleg til å bu på hotellet. Det verkar som det er behov for ei avklaring mellom sjukehus og hotell om korleis dei problema pasientane melder skal løysast.

Administrative rutinar

Pasientomboda har også i 2004 registrert alvorlege konsekvensar av at det har tatt lang tid før fastlegen har fått epikrise frå sjukehuset.

Fritt sjukehusval

Pasientomboda har avdekka interne rutinar i sjukehusa som er med å leggje hindringar i vegen for at pasientar blir tilvist andre sjukehus med kortare ventetid der det hadde vore det beste for pasienten. Det vert også peika på at retten til fritt sjukehusval ikkje er reell for psykiatriske pasientar

I Sogn og Fjordane var det i fjor prosentvis dobbelt så mange førespurnader retta mot kvinne/fødeavdelingar og mot ortopedi enn i resten av landet.

Pasientomboda peikar på at det fortsett er behov for betre kommunikasjon i møte med spesialisthelsetenesta og at helsepersonell blir meir medvitne om pasientane sine rettार i høve til lova om pasientrettar.

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

